Bømlo kommune

SOKKELEN:

FRÅ OMSORG TIL OMSORG +

Generell skildring

05.05.26

Innhold

1. Innleiing ... 3

2. Prosjektet i korte trekk ... 3

3. Omsorg+ – konsept og funksjon ... 3

4. Målgruppe og brukarbehov ... 4

5. Eksisterande bygg og rammer ... 4

6. Overordna tiltak i prosjektet ... 4

6.1 Overgang til Omsorg+ ... 4

6.2 Fellesareal ... 4

6.4 Personalfunksjonar ... 5

6.5 Brann og tryggleik ... 5

7. Funksjonelle prinsipp og kvalitetsmål ... 5

8. Avgrensing og dokumentstruktur ... 5

1. Innleiing

Bømlo kommune står, i likskap med resten av landet, i ein demografisk utvikling der talet på eldre aukar, samstundes som tilgangen på helsepersonell er under press. For å sikre berekraftige, trygge og framtidsretta helse- og omsorgstenester er det nødvendig å vidareutvikle både bustadtilbod og organisering av tenestene.

Eit sentralt grep i denne utviklinga er å leggja til rette for at fleire innbyggjarar kan bu i eigen bustad lengst mogleg, med nødvendige tilpassingar og nærleik til tenester. Universell utforming, god orienterbarheit, tryggleik og effektiv ressursbruk er viktige føresetnader for dette.

Denne generelle skildringa gjeld ombygging av omsorgsbustadane i sokkeletasjen ved Bømlo Bu- og Helsesenter, heretter omtala som *Sokkelen*, frå tradisjonelle omsorgsbustadar til bustadar innan konseptet *Omsorg+*.

2. Prosjektet i korte trekk

Prosjektet omfattar ombygging av eksisterande sokkeletasje ved Bømlo Bu- og Helsesenter. Etasjen inneheld i dag 14 omsorgsbustadar, og har vore i kontinuerleg drift sidan tidleg 2000-tal.

Hovudgrepa i prosjektet er:

- ombygging av 12 omsorgsbustadar til *Omsorg+*-bustadar
- ombygging av éin bustad til fellesareal for bebuarane
- ombygging av éin bustad til personalbase
- etablering av personalkontor

Prosjektet skal gjennomførast innanfor eksisterande bygningsstruktur, med hovudvekt på oppgradering, tilrettelegging og tilpassing til ny brukargruppe og nytt funksjonsnivå.

3. Omsorg+ – konsept og funksjon

Omsorg+ er eit bu- og omsorgskonsept som plasserer seg mellom vanlege omsorgsbustadar og institusjonsplassar i omsorgstrappa. Tilbodet er retta mot personar som evnar å bu i eigen bustad og utføre enkle kvardagslege aktivitetar, men som har omfattande hjelpebehov og treng regelmessig tilsyn og tilgang til personale gjennom heile døgnet.

Omsorg+-bustadar skal:

- gi høgare grad av tryggleik enn tradisjonelle omsorgsbustadar
- vere mindre institusjonsprega enn sjukeheim
- leggja til rette for sjølvstende, verdigheit og god livskvalitet

Konseptet stiller krav om universell utforming, tilgang til fellesareal for bebuarane og nærleik til personalressursar.

4. Målgruppe og brukarbehov

Målgruppa for Omsorg+-bustadane er i hovudsak eldre personar med nedsett funksjonsevne og/eller lettare kognitiv svikt. Typiske utfordringar i målgruppa kan vere:

- redusert mobilitet og balanse
- nedsett syn og høyrsel
- redusert orienterings- og retningssans
- behov for tryggleik og oversikt

Prosjektet skal ta høgde for at delar av målgruppa kan utvikla demenssjukdom over tid. Dette stiller særlege krav til utforming av bustadar og fellesareal når det gjeld orienterbarheit, kontrastar, oversiktlege løysingar og låg terskel for bruk av fellesfunksjonar.

5. Eksisterande bygg og rammer

Sokkelen er underetasjen i Bømlo Bu- og Helsesenter, og har vore nytta til omsorgsbustadar sidan ferdigstilling i 1997. Bustadane er organiserte i 3 fløyar med tilhøyrande korridorar, og har direkte tilkomst til privat uteareal.

Bygget har ei robust hovudkonstruksjon, og prosjektet legg til grunn at eksisterande planløysingar i hovudsak blir vidareført. Ombygginga omfattar i hovudsak oppgradering og tilpassing av eksisterande areal til brukarar med omfattande hjelpebehov, samt enkelte justeringar for å ivareta nye funksjonar og krav.

6. Overordna tiltak i prosjektet

Prosjektet omfattar følgjande hovudtypar tiltak:

6.1 Overgang til Omsorg+

Bustadane skal tilpassast eit høgare omsorgsnivå, med løysingar som støttar tryggleik, tilsyn og effektiv drift av tenestene. Dette omfattar mellom anna universell utforming, tilrettelegging for velferdsteknologi og døgnkontinuerleg tilgjenge til personale.

6.2 Fellesareal

Éin av bustadane skal byggjast om til fellesareal for bebuarane. Fellesarealet skal vere lett å finne, enkelt å bruke og fungere som ein sosial møteplass som stimulerer til aktivitet og fellesskap.

6.4 Personalfunksjonar

Det finnast personalbase for heimetenesta i etasjen over sokkelen, med kantine, kvilerom og kontorfasilitetar. Som supplement til denne, skal det etablerast personalkontor og eigen personalbase i sokkeletasjen for å legge til rette for effektiv oppfølging av bebuarane og fleksibilitet for framtidige behov. Personalbasen vert utforma tilsvarande omsorg+-bustadane, for tilrettelegging for ei potensiell tilbakeføring til leilegheit dersom dette vert tenleg fram i tid.

6.5 Brann og tryggleik

Ved endra bruk frå Omsorg til Omsorg+ vert bygget omfatta av strengare krav til branntryggleik. Bygget skal etter ombygging ivareta krav frå Risikoklasse 6. Nødvendige tiltak skal gjennomførast i samsvar med gjeldande regelverk, vedlagt brannkonsept og vedlagt brannteknisk statusrapport for Sokkelen.

7. Funksjonelle prinsipp og kvalitetsmål

Prosjektet skal baserast på følgjande overordna prinsipp:

- Universell utforming som hovudstrategi
- God orienterbarheit gjennom lys, fargar og *oversiktlege løysingar
- Minst mogleg institusjonspreg, med fokus på heimleg og verdig bumiljø
- Løysingar som gir fleksibilitet for framtidige behov og teknologisk utvikling

*i *oversiktlege løysingar* ligg det mellom anna at tekniske installasjonar, kvitevarer og anna bruksutstyr skal vere intuitive og enkle å bruke, bruksfunksjonar og rom skal vere enkle å finne, og liknande.

8. Avgrensing og dokumentstruktur

Denne generelle skildringa gir ei overordna framstilling av prosjektet, målsetjingar og funksjonelle prinsipp.

Detaljerte krav knytt til romfunksjonar, tekniske løysingar innan elektro, VVS, ventilasjon, brann og velferdsteknologi går fram av eigne dokument i konkurransegrunnlaget.

Teikningar, skisser og illustrasjonar er retningsgivande og ligg ved som vedlegg.